



Vår saksbehandler:	Deres ref.:	Deres dato:	Vår ref.:	Vår dato:
Knut Ove Leite	14/3975-3	14.05.2014	14/7695	23.06.2014
Tlf:				

Det kongelige kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0030 OSLO

Høring om lov om godkjenning av låneopptak i forkant av kommunereformen

Vågsøy kommunestyret behandlet forslaget i møte 19. juni 2014 og gjorde slikt enstemmig vedtak:

«Vågsøy kommunestyre ber regjeringa avstå frå å fremme framlegget til endring i kommunelov når det gjeld godkjenning av kommunale låne opptak.

Dersom Stortinget sluttar seg til forslaget om statleg godkjenning av kommunale låneopptak, må investeringsplanar og avtalar som er innarbeidde i økonomiplanen 2014 – 2017 ikkje kunne stoppast av den nye statlege godkjenningsordninga.»

Saksutredningen følger vedlagt.

Med hilsen

Knut Ove Leite
rådmann

Vedlegg:
Høring om lov om godkjenning av låneopptak i forkant av kommunereforma.

Kopi til:				
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER	
Kommunenes Sentralforbund	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO	
Kommunenes Sentralforbund Sogn og Fjordane	Postboks 321	6801	FØRDE	



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	05.06.2014	054/14
Kommunestyre	19.06.2014	047/14

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 14/793	Saksansvarleg: Knut Ove Leite
------------------------------------	------------------------	----------------------------------

Uttale til framlegg om innføring av godkjenning av kommunale låneopptak i perioden 2015 - 2017

Rådmannen si innstilling

Vågsøy kommunestyre ber regjeringa avstå frå å fremme framlegget til endring i kommunelov når det gjeld godkjenning av kommunale låne opptak.

05.06.2014 Formannskap

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling til vedtak enstemmig vedtatt.

F-054/14

Vedtak:

Vågsøy kommunestyre ber regjeringa avstå frå å fremme framlegget til endring i kommunelov når det gjeld godkjenning av kommunale låne opptak.

19.06.2014 Kommunestyre

Møtebehandling:

SV v/repr. Herdis Holvik fremmet følgende tilleggsforslag:

«Dersom Stortinget sluttar seg til forslaget om statleg godkjenning av kommunale låneopptak, må investeringsplanar og avtalar som er innarbeidde i økonomiplanen 2014 – 2017 ikkje kunne stoppast av den nye statlege godkjenningsordninga».

Votering

Det ble votert først over Formannskapetets innstilling til vedtak. Dette ble enstemmig vedtatt. Det ble deretter votert over tilleggsforslaget fra SV v/repr. Holvik. Dette ble enstemmig vedtatt.

K-047/14

Vedtak:

Vågsøy kommunestyre ber regjeringa avstå frå å fremme framlegget til endring i kommunelov når det gjeld godkjenning av kommunale låne opptak.

Dersom Stortinget sluttar seg til forslaget om statleg godkjenning av kommunale låneopptak, må investeringsplanar og avtalar som er innarbeidde i økonomiplanen 2014 – 2017 ikkje kunne stoppast av den nye statlege godkjenningsordninga.

Høyring om lov om godkjenning av låneopptak i forkant av kommunereforma.

Aktuelle lover

Kommunelova

Bakgrunn for saka

Kommunaldepartementet gjer framlegg om ei midlertidig endring av reglane om låneopptak i kommunelova. No er det berre kommunar i ROBEK-registeret som må ha godkjenning til å ta opp nye lån og inngå langsiktige leigeavtalar/økonomiske forpliktingar ut over 4 år.

Som konsekvens av kommunereforma ønskjer regjeringa ein tidsavgrensa godkjenning for alle kommunar i perioden 2015 – 2017. Dette for å unngå at kommunar gjer «taktiske» disposisjonar for å binde opp framtidige disposisjonar i ein større kommune.

Saksopplysningar / fakta

Det blir gjort slikt framlegg om endring i kommunelova:

«I lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) skal § 60 nytt nr. 6 lyde:

6. Også for kommuner som ikke er underlagt statlig godkjenning etter nr. 1, er vedtak i kommunestyret for budsjettårene 2015 til og med 2017 om opptak av lån eller om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre kommunen utgifter ut over fire budsjettår, ikke gyldig før det er godkjent av fylkesmannen. Kommuner som inngår kontrakter som krever godkjenning, må orientere sine medkontrahenter om kravet om godkjenning.

III

Lova tek til å gjelde straks, med verknad frå og med 14. mai 2014.»

Grunngjevinga i lovprp. er kort:

« Det skal gjennomførast ei kommunereform, sjå nærare Prop. 95 S (2013–2014) *Kommuneproposisjonen 2015*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utarbeidd eit framlegg til lovendring som styrker den statlege kontrollen med økonomien til kommunane. Føremålet med framlegget til lovendring er å sikre at kommunane ikkje gjennomfører uheldige økonomiske disposisjonar og strategiske tilpassingar i forkant av kommunereforma. Framlegget til lovendring går ut på at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen. Departementet vil legge

opp til ei effektiv og ubyråkratisk handsaming av søknader om godkjenning av låneopptak osv.»

Høyringsfristen er sett til 25. juni 2014 medan lova vert gitt tilbakevirkande kraft frå 14. mai i år. Den gjeld imidlertid først for låneopptak frå 2015. Låneopptak basert på budsjettet for 2014 eller gjort gjeldande gjennom året, er difor ikkje omfatta.

Vurdering / konsekvensar

Kommunereforma tek i regjeringa sine dokument utgangspunkt i:

«Regjeringen vil spre makt, begrense statlig detaljstyring og bygge samfunnet nedenfra gjennom å gi mer handlingsrom til enkeltmennesker, familier, lokalsamfunn og bedrifter. Regjeringen ønsker å gi mer makt og myndighet til mer robuste kommuner.

Kommunene har, innenfor rammen av nasjonale mål, et bredt spekter av funksjoner knyttet til tjenesteproduksjon, demokrati, myndighetsutøving og samfunnsutvikling. Regjeringen vil satse videre på kommunene og styrke velferdstjenestene der folk bor. Nærhetsprinsippet, som innebærer å legge oppgaver og beslutninger så nær dem det gjelder som mulig og en tro på det lokale folkestyret, er grunnlaget for at regjeringen ønsker å gjennomføre en kommunereform der det også tas sikte på å gi kommunene flere oppgaver.

Det lokale selvstyret står sterkt i Norge. Regjeringen vil forsterke og utvikle det lokale selvstyret. Kommunereformen er en reform for styrket lokaldemokrati, bedret tjenestetilbud og mer rettsriktig og effektiv forvaltning. En hensiktsmessig kommuneinndeling er avgjørende for å sikre og videreutvikle framtidige velferdstjenester og en god og helhetlig lokal samfunnsutvikling. Et sentralt utgangspunkt for kommunereformen er å forenkle, fornye og forbedre styringen av og i kommunene.»

Lovframlegget vitnar ikkje om den heilt store tiltrua til lokaldemokratiet. Det som må vere redsle for at kommunane set i gong utbyggingar i stor stil av nye rådhus, kulturhus ol som gjer at dette framlegget kjem. Framlegget inneber at Fylkesmannen vert tiltenkt å kunne overprøve kommunale vedtak som er finansierte innaforbudsjett og økonomiplan.

Konsekvensen er at kommunane vert pådytta auka arbeid med søknadsprosedyrar og grunngjeving i høve alle låneopptak anten det gjeld sjølvfinansierande tiltak til VAR og START-lån og naudsynte utbyggaingar til skule og omsorgstiltak.

Det er neppe mange kommunar som er i posisjon til å hive seg rundt og bygge nytt rådhus innafor det tidspekteret som er lagt på kommunereforma. Dei fleste kommunepolitikarar vil ha fokus på tenestetilbodet i kommunereforma, og dette er slått fast i regjeringa sitt dokument, sitat:

«Regjeringen vil satse videre på kommunene og styrke velferdstjenestene der folk bor. Nærhetsprinsippet, som innebærer å legge oppgaver og beslutninger så nær dem det gjelder som mulig og en tro på det lokale folkestyret, er grunnlaget for at regjeringen ønsker å gjennomføre en kommunereform der det også tas sikte på å gi kommunene flere oppgaver.»

Rådmannen ber kommunestyret gå i mot denne lovendringa. Framlegget er i seg sjølv ei mistillitserklæring til lokale folkevalde og deira intensjonar for utvikling av kommunane.

Vedlegg:

Dok.nr

140104

140103

Tittel på vedlegg

Høyringsnotat med frist 25 juni 2014.pdf

Høring om lov om godkjenning av låneopptak i forkant av kom (L)(53138).pdf

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	14.05.2014	Det kongelige kommunal- og regionaldepartementet	Høring om lov om godkjenning av låneopptak i forkant av kommunereformen